



**DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref  
15/924

Dato  
8.3.2016

**Regulering og uttak av vatn frå Tykkhellervatnet, Eidsvatnet, Langavatnet og Austevatnet i Lindås kommune i Hordaland – klagesak**

Elin H. Fanebust klagar i brev av 15.9.2010 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak om at ombygging av dam i Eidsvatnet ikkje er konsesjonspliktig. Vidare klagar Elin H. Fanebust og Fridtjof Kampevold i brev av høvesvis 2.2.2015 og e-post av 23.1.2015 på NVE sitt løyve av 12.1.2015 til reguleringar og auka vassuttak av industrivatn til Statoil Mongstad.

NVE har vurdert klagene utan å finne grunnlag for å gjere om sine vedtak, og har i brev av høvesvis 16.5.2011 og 18.5.2015 sendt sakene til departementet for klagehandsaming.

### 1. Bakgrunn

Sjursetvatn, Eidsvatn og Tykkhellervatn blir i dag regulert for å sikre prosessvatn for Statoil si verksemd på Mongstad.

I 2009 vart dammen i Eidsvatnet rehabilitert/ombygd av Lindås kommune for å redusere aukande lekkasjar. Kommunen hevdar at vassuttaket frå Eidsvatnet har vore relativt stabilt over tid, men at lekkasjar har vore aukande som følgje av at isen gjennom åra har brote ned steinmuren. Arbeidet med endring av dammen var ikkje avklart med vassdragsmyndigheitene før arbeidet vart gjennomført. Den 13.11.2009 fekk NVE brev frå Elin H. Fanebust og Fridtjof Kampevold med påstand om at ombygging/rehabilitering av dammen tørlla elvelaupet mellom Eidsvatnet og Fjellangerpollen og at den nye dammen heva vasstanden i Eidsvatnet. NVE handsama brevet som eit krav om

vurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova § 18. NVE fatta 3.9.2010 vedtak om at rehabiliteringa av dammen med ei viss auke i vassuttak og noko auke i høgde på dam ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8, jf. § 18. Elin H. Fanebust klaga på dette vedtaket. Som følgje av at det kom planar om å søkje om eit meir omfattande vassuttak har departementet venta med slutthandsaminga av klagen på konsesjonsfritaket.

Lindås kommune søkte 15.2.2013 om løyve etter vassressurslova til å utvide vassforsyninga til Mongstad. Dei eksisterande vasskjeldene Tykkhellervatn, Eidsvatn og Sjursetvatn skal bli supplert med regulering av Langavatn og Austevatn. Kommunen søkjar om auka regulering av Eidsvatn og Tykkhellervatn. Kommunen søkte samstundes om samtykke til ekspropriasjon.

NVE har kunnngjort søknaden og sendt den på høyring. **Fylkesmannen i Hordaland** uttalar at nye arealinngrep må bli vurdert ut frå den samla belastninga på natur og miljø. Vurderingane må omfatte både eit lokalt og eit regionalt perspektiv. Fylkesmannen meiner det bør leggjast vekt på avbøtande tiltak av omsyn til ål og storlom, og at det bør vere aktuelt å krevje etterundersøkingar. **Hordaland fylkeskommune** uttalar at det er eit potensial for funn av automatisk freda kulturminne og at undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9, må bli oppfylt. Fylkeskommunen meiner det vil vere viktig med avbøtande tiltak for å ta vare på hekkande lom, strandsnipe og ål dersom det blir gitt løyve og at minstevassføring og vasstand må tilpassast slik at konsekvensane for naturmiljø, friluftsliv m.m. blir minst mogleg. **Mattilsynet** syner til at Vabø hyttefelt har vassforsyning i eit område som kan bli råka om ein ikkje tek tilstrekkeleg omsyn. Mattilsynet uttalar at utbyggjar må dokumentere at vassforsyninga til hyttefeltet ikkje blir skadelidande. **Norsk Ornitologisk Foreining** meiner det bør setjast vilkår om ein mest mogleg stabil vasstand under hekkeperioden for fugl, spesielt av omsyn til hekkande storlom i Eidsvatnet. Fleire privatpersonar har merknadar til planane eller er i mot heile eller delar av tiltaket. Alle fråsegnene er tilgjengelege via offentleg postjournal.

NVE legg i konsesjonsvurderinga stor vekt på at vassuttaket vil ha betydeleg samfunnsnytte. Mongstad er ein svært viktig arbeidsplass i regionen, og tilstrekkeleg vassforsyning er viktig for den vidare utviklinga. Delar av vassuttaket skal òg nyttast til drikkevatt. Etter NVE sin vurdering vil tiltaka, på nærare fastsette vilkår, ha akseptable ulemper for landskap, naturmangfald, friluftsliv og andre interesser.

## 2. Klagene

Elin H. Fanebust klagar i brev av 15.9.2010 på NVE sitt vedtak av 3.9.2010 om at ombygginga av dammen ikkje er konsesjonspliktig. Klagar meiner at arbeida på dammen ikkje kan seiast å berre vere ein reparasjon og tilbakeføring til ein normal situasjon. Hovudmomenta i klagen kan summerast slik:

- Klagar meiner at reguleringa er høgare enn då reguleringsdammen var intakt og høgare enn den angjevne retten til oppdemming på 60 cm. Klagar meiner denne oppdemminga er ulovleg sidan den ikkje vart vurdert etter vassressurslova i forkant.
- Klagar hevdar at elva/fossen mellom Eidsvatnet og Fjellangerpollen vart tørrlagt etter oppdemminga.

Elin H. Fanebust og Fridtjof Kampevold klagar i brev av høvesvis 2.2.2015 og e-post av 23.1.2015 på NVE sitt løyve av 12.1.2015 til uttak av industrivatn til Mongstad. Elin H. Fanebust har i brev av 2.6.2015 kommentert saka ytterlegare.

Hovudmomenta i klagen frå Elin H. Fanebust kan summerast slik:

- Klagar meiner at kommunen etablerte ei ulovlig demning og regulering i Eidsvatnet i 2009, og at det ikkje er slept tilstrekkeleg minstevassføring. Klagar meiner at normal vasstand ligg 1,5 m under dagens topp på demning.
- Klagar meiner kommunen ikkje har dei naudsynte rettane for å gjennomføre reguleringa av Eidsvatnet.
- Klagar stiller spørsmålsteikn ved om det er naudsynt med auka vassforsyning til Mongstad.

Hovudmomenta i klagen frå Fridtjof Kampevold kan summerast slik:

- Klagar uttaler at nedtrappinga av Eidsvatnet vil ha negative konsekvensar for landskapsestetikk, naturmiljø m.m.
- Klagar stiller spørsmålsteikn ved om det er naudsynt med auka vassforsyning.

### **3. Departementet sine merknader**

#### Klage på konsesjonspliktvrdering

I konsesjonspliktvrderinga skal det vurderast om utbygginga "kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget", jf. vassressurslova § 8. Ved ei konsesjonshandsaming skjer ei vurdering av både fordelar og ulemper. I konsesjonspliktvrderinga skal det berre bli vurdert om "tiltaket kan være til nevneverdig skade eller ulempe". Fordelsvrderinga inngår difor ikkje her.

Lindås kommune uttaler i brev av 9.2.2010 at uttaket til industrivatn har vært kontinuerleg dei siste 20 åra. Kommunen meiner på bakgrunn av at dammen vart meir og meir utett dei siste åra, må tiltaket reknast som reparasjon og tetting av dammen, og at det av den grunn ikkje er naudsynt med konsesjon etter vassressurslova § 8.

NVE, Lindås kommune og klagar delar oppfatninga om at det har vore ei viss vassføring i elva før ombygging/rehabilitering av dammen i 2009. Under ei synfaring med NVE 23.6.2010, med stadfesting i brev av 30.6.2010, har kommunen på eige initiativ gått med

på å opprette eit borehol som skal oppretthalde vassføringa om lag på same storleik som vassføringa har vore dei siste 20-30 åra som følge av lekkasjar i dammen. Før rehabiliteringa var det ikkje slepp av minstevassføring. Nedbørfeltet er eit kystfelt og i tørkeperiodar i sommarhalvåret var utløpselva tilnærma tørr før det oppstod lekkasjar i dammen. I følge NVE vart opphavleg vassuttak frå Eidsvatnet etablert på privatrettsleg grunnlag og før det var krav om at slike saker skulle handsamast etter vassdragslovgevinga.

Departementet støtter NVE si vurdering om at tiltaket ikkje er i strid med vassressurslova §§ 10 og 66 fjerde ledd. Ordninga som er etablert for slepp av minstevassføring samsvarer etter departementet si oppfatning i stor grad med tilhøva før ombygginga av dammen.

Etter departementet sin vurdering er ikkje det avgrensa vassuttaket og arbeidet med dammen av en slik art at det krev konsesjon etter vassressurslova § 8. Tiltaket er ikkje gjort i strid med vassressurslova.

#### Klage på vedtak om konsesjon

Løyve kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynte for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagarane.

Klagen frå Elin H. Fanebust på vedtaket om konsesjon er i stor grad knytt til privatrettslege tilhøve som ikkje er relevant for den avveginga av fordelar og ulemper som skal gjerast ved ei konsesjonshandsaming etter vassressurslova. Omsynet til ekspropriasjon av rettar er omtalt nedanfor.

Departementet meiner at fordelane med industrivassforsyninga til Mongstad, inkludert reguleringa av Eidsvatnet, er klart større enn ulempene for naturmangfald, landskap og andre interesser. Departementet finn ikkje grunnlag for å gå imot NVE sine vurderingar.

For ei nærare omtale av vurderingane som ligg til grunn syner departementet til NVE sitt KI-notat nr.: 3/2015. Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar etter naturmangfaldlova. Departementet finn at krava i naturmangfaldlova § 7 er oppfylt.

#### Ekspropriasjon av rettar

Det kan bli gitt samtykke til ekspropriasjon av naudsynt grunn og rettar etter oreigningslova § 2 fyrste ledd nr. 54. For at det skal kunne bli gitt ekspropriasjonsløyve må inngrepet vere tvillaust meir til gagn enn skade, jf. oreigningslova § 2 andre ledd.

Tiltaka er naudsynte for å sikre tilstrekkeleg industrivassforsyning til Mongstad. Departementet vurderer at anlegga har betydeleg større fordelar enn ulemper, jf.

vassressurslova § 25. Departementet finn at dei samfunnsmessige fordelane ved etablering av anlegget tvillaust er meir til gagn enn skade.

Departementet kjem til at grunnlaget for ekspropriasjon er til stades, jf. oereigningslova § 2 andre ledd.

Departementet minner om fristen på eitt år i oereigningslova § 16 til å krevje skjønn. Fristen går frå departementet sitt vedtak i denne klagesaka.

#### **4. Departementet sitt vedtak**

Klagene frå Elin H. Fanebust og Fridtjof Kampevold blir ikkje tekne til følge. NVE sine vedtak av 3.9.2010 om konsesjonsfritak og konsesjon av 12.1.2015 blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.*

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland  
Lindås kommune  
Norges vassdrags- og energidirektorat

**Adressliste**

Elin H. Fanebust

Fridtjof Kampevoll

Lindåsvegen 2088

5955

5956